



Demensvenleg samfunn

Hukommeloseteamet i Voss herad v/
Demenskoordinator Sigrid Mæland Moe
Ergoterapeut Helga Øvstedal og
Spesialsjukepleiar Elin Seljelid Bratthole


Voss 2020




Voss 2025




Voss 2030



Voss 2040



Voss 2050



Oppsummert Voss herad

2020: 427

2025: 461

2030: 520

2040: 677

2050: 782

Voss herad sin demensplan 2023-2030

Saman om eit demensvenleg Vossasamfunn

- Satsingsområde 1: Medbestemming og deltaking:
I Voss herad skal demensomsorga vera personsentert. Personar med demens og deira pårørande skal sikrast medbestemming og deltaking, slik at dei kan leva aktive og meiningsfylte liv med fysisk, sosial og kulturell aktivitet som er tilpassa kvar enkelt si interesse, ynskjer og behov.

Saman om eit demensvenleg Vossasamfunn

- Satsingsområde 2: Førebygging og folkehelse:
Voss herad skal arbeida systematisk for å førebyggja demens. Me skal leggja til rette for god folkehelse, auka aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for å redusera einsemd i tråd med Leve heile livet og Sammen om aktive liv. Heradet skal ha ei bevisst satsing på å nytta vossakultur og vossanatur som folkehelse. Velferdsteknologi skal satsast på for at personar med demens kan verta i stand til å bu lengre heima. Slik vil meistringskjensla verta styrka, livskvaliteten betra og innbyggjarar verta rusta til å møta kvardagen.

Saman om eit demensvenleg Vossasamfunn

- Satsingsområde 3: Gode og samanhengande tenester:
I Voss herad skal me sikra at personar med demens og
deira pårørande får gode og tilpassa tenester til rett tid.
Innbyggjarane i Voss herad skal oppleva heilsakaplege og
samanhengande tenester for heimebuande
innbyggjarar med demens og deira pårørande, heilt i frå
startfasen og fram til differensiert behandlingstilbod i
institusjon ved alvorleg grad av demens.

Saman om eit demensvenleg Vossasamfunn

- Satsingsområde 4: Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling:
I Voss herad har me kompetente medarbeidrarar. Me skal satsa vidare på kompetanseheving og systematisk innføring av personsentrert omsorg og miljøbehandling for å bidra til eit meir demensvenleg samfunn og ein verdig alderdom for alle.